



Sunnfjord
kommune



**TEKNISK DRIFT
VEG, VATN OG AVLØP**



Vi er her for deg

Sunnfjord kommune er til for innbyggjarane i Jølster, Naustdal, Gaular og Førde, og utfører mange viktige både synlege og mindre synlege arbeidsoppgåver;

- **Sikre tilgang til reint og trygt drikkevatn**
- **Sikre trygg og god handtering av avløpsvatn**
- **Sikre trygg og god handtering av overvatn**
- **Sikre trygge og gode vegar for alle**


Det er lett å ta for gitt at i Noreg, og også her i Sunnfjord, har vi rikeleg reint og godt vatn til alle behov, og at vassressursane er tilgjengeleg for alle. Dette er rett, men det er ikke heile sanninga.

Vassressursane våre er store og gode, men dei er også utsett for overforbruk og omfattande ureining frå naturlege og menneskeskapte kjelder.

Klimaet er i endring, og dei aller fleste har anten eit minne om, eller ei røynsle med dramatiske naturhendingar med uver, flaum og ras. Mange har også opplevd skade på hus, heim eller eigedom, og fleire har opplevd å bli isolerte i kortare eller lengre tid på grunn av ras- og flaumskade på vegar og bruer.

Det er vår oppgåve å sikre berekraftig forvalting av alle ressursane våre. Sunnfjord kommune arbeider dagleg for å sikre at dei er tilgjengelege, trygge og gode, både for oss og etterkomarane våre.

Du har også eit forvaltaransvar. Tenk over kor heldig du er, kvar gang du tappar reint vatn frå springen, trykkjer på toalettknappen eller set deg i bilen og køyrrer på jobb eller for å handle.





Vatn

- Sunnfjord kommune leverer drikkevatn til ca 15 500 personar – som er 70 % av innbyggjarane i kommunen. Dei resterande 30 % får vatn frå eigne vasskjelder, eller mindre private vassverk.
- Det kommunale vassforsyningssnettet er vel 200 km langt, som tilsvrar avstanden Førde – Sogndal, tur – retur.
- Sunnfjord kommune har 14 kommunale vassverk;
 - 4 i Jølster
 - 2 i Naustdal
 - 3 i Gaular
 - 5 i Førde
- Drikkevatnet vert desinfisert med klor og/eller UV-lys, som fjernar bakteriar, virus og parasittar.
- Drikkevatnet er stort sett henta frå overflatevasskjelder, og har lågt kalkinnhald.



Veg

- Det kommunale vegnettet er på ca 300 km
- Vegnettet omfattar også 91 bilvegbruer
 - 74 km i Jølster
 - 89 km i Naustdal
 - 37 km i Gauldalen
 - 100 km i Førde
- Vegnettet omfattar 210 km asfaltert veg, og 90 km grusveg.
- Vintervedlikehald vert utført av kontraktørar.

Rydding langs communal veg

Dersom eigedomen din grensar til communal veg, skal du som grunneigar sørge for at hekkar, allear eller støyskjermar ikkje stengjer frisiktsona langs eigedomen din. Om du ikkje sjølv gjer dette, kan kommunen gjere det for din kostnad.



Alt innen spregning, graving og utleie

Ronny Karlsen - Tlf. 991 64 903
E-post: ronny@rallardrift.no

Anleggsgartnerarbeid
utførast av



Flovegen 6, 6800 Førde
Tlf 980 94 274 – baarey.no

anleggsgartner
Baarey as

Informasjon til deg som har eigne VA-anlegg

Mange av råda vi gir til abonnementane våre, gjeld også for private vass- og avløpsanlegg. Du har sjølv ansvaret for at anlegg og leidningsnett fungerer, og tilfredsstiller krav i lov og forskrifter. Utbygging og ombygging av private anlegg skal kun utførast av fagfolk, men du kan sjølvsagt spørje oss om råd og om informasjon.



Avløp

- Sunnfjord kommune handterer avløpsvatnet frå litt færre enn dei innbyggjarane som vi leverer drikkevatn til, ca 68 %. Dei resterande 28 %, har eigne avløpsanlegg.
- Det kommunale avløpsnettet, som også omfattar overvatn, er like langt som vassforsyningssnettet, vel 200 km.
- Sunnfjord kommune har 27 små og store kommunale avløpsverk;
 - 4 i Jølster
 - 8 i Naustdal
 - 10 i Gaular
 - 5 i Førde
- Reinseprosessane er ulike, frå enkle slamavskiljarar til avansert biologisk/kjemisk reining.
- Reinsa avløpsvatn vert slept ut i nærmeste vatn eller elv, eller i sjøen.

Ikkje bruk do som bossbøtte

Du risikerer å lage trøbbel for deg sjølv. Tette avløpsrøyra kan bli ubehageleg kostbart både for deg og kommunen.

• Q-tips

Q-tips løyer seg ikkje i vatn, dei set seg ofte fast og tettar avløpsrøyr.

• Våtserviettar og sanitærbind

Våtserviettar og sanitærbind krøllar seg til store ballar som tettar avløpsrøyr, og øydelegg pumper

Tettar du dine eigne stikkleidningar, risikerer du tilbakeslag av kloakk på toalett og vaskerom. Dette luktar ikkje godt, og det kostar å renovere.

Heller ikkje utslagsvasken er bossbøtte

Vi reknar med at du ikkje ønskjer store rotter på badet ditt. Dette kan du lett unngå ved IKKJE å helle feitt, matolje eller matavfall i vasken.

Feitt, olje og oppkverna mattavfall samlar seg i store kaker og trekkjer til seg rotter, og blokkerer avløpsrøyra.

Heller ikkje maling, kjemikaliar og medisinar skal hellast i vasken. Dette skal samlast og leverast som spesialavfall.

Treng du elektrikar?



Tlf. 57 72 29 70 • E-post: forde@bravida.no

Din totale entreprenør



Tlf: 57 82 90 50 • E-post: post@stolsvik.no • www.stolsvik.no

MASTERHUS

Viktig informasjon til deg som innbyggar

Vi varslar deg på SMS når noko skjer

Vi varslar deg på SMS eller talemelding når vi stengjer vassforsyninga eller vegen fram til deg. Dette er aktuelt ved planlagt vedlikehald, vasslekkasjar eller andre uføresedde hendingar.

Varslar om naturfare og uver, får du gjennom andre medier.

Du må sjølv registrere og kontrollere ditt telefonnummer på: www.varslemeg.no

Råd om vatnet er brunt

Det hender at vatnet i springen vert brunt og grumsete, etter avstenging, store vassuttak eller andre hendingar.

La vatnet renne frå springen til det blir klart igjen, og bruk den springen som er nærest vassinntaket.

Unngå bruk av vaske- og oppvaskmaskin, til vatnet er heilt klart.

Kokevarsel

Du vil få kokevarsel dersom vi har mistanke om at drikkevasskvaliteten er usikker eller det er påvist ureining i vatnet.

Koking drep mikroorganismar som virus, bakteriar og parasitter. Vatnet må fosskoke før det vert avkjølt.

Du må sjølv registrere og kontrollere ditt telefonnummer på: www.varslemeg.no

Planar og prosjekt

Ønskjer du meir utfyllande informasjon om planar og prosjekt framover, kan du finne dette på www.sunnfjord.kommune.no

Vasslekkasjar

Sunnfjord kommune arbeider nesten dagleg med lekkasjesøking. Ein lekkasje på storleik som ein blyant, tilsvrar vassforbruket til 100 bustader.

Dersom vi finn lekkasje på din private stikkledning, vil vi kontakte deg. Det er viktig at vasslekkasjen blir stoppa så raskt som råd.

Dert er ditt ansvar å stoppe lekkasjar frå dine leidningar.

Eig du ein bustad som er knytt til kommunal assforsyning, er stikkledningen mellom bustaden og til kommunal leidning, ditt ansvar og din eigedom.

Kva gjer du med vasslekkasjar

Dersom du får vasslekkasje frå stikkledningen eller inntaket ditt, må du så fort som råd:

- Finne bakkekransen på eigedomen din, og stenge av vasstilførselen.
- Kontakte autorisert røyrlægger for å reparere skaden.
- Kontakte forsikringsselskapet ditt, og melde skaden.
- Om lekkasjen er utandørs, må du kontakte maskoentreprenør for graving.

Sweco planlegger og former fremtidens byer og samfunn.




Sweco Norge AS

Amgedalsvegen 4, 6800 Førde • Tlf. 57 72 30 30

www.sweco.no



Vadheimsvegen 1, 6973 Sande i Sunnfjord • Tlf. 400 56 536
E-post: rune@byggserviceas.no • www.byggserviceas.no



RØRLEGGING • BADEROM
VANN & AVLØP • VARMEPUMPE



Hellevang, 6815 Førde • tdgulbra@online.no • Tlf. 416 57 345



Sunnfjord kommune

Sunnfjord Kommune - Teknisk Drift

Øyrane 8. 6802 Førde.

Epost: postmottak@sunnfjord.kommune.no

Telefon: 57 72 20 00

Teknisk vakttelefon: 57 72 20 01



GRATIS SYNFARING OG TILBOD!



**Kontakt oss for alle
typar rørleggararbeid!**

- Nybygg
- Varmeanlegg
- Rehabilitering
- VA-anlegg

SUNNFJORD RØR AS

TLF. 918 75 907 - post@sunnfjordror.no

